

FITJAR KYRKJEBLAD

NR 3 - JUNI 2019
ÅRGANG 42





**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

onsdag og fredag: kl.10:00 - 15:00
Ta kontakt på telefon om døra er låst
og me er ute på oppdrag.

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Drønen, Roald 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Matre, Randi Lønning 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Soknerådsleiar:

Fangel, Sigrid 480 94 634

Nestleiar sokneråd:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Bakken barnehage:

Torunn K. Aarskog 404 04 146
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øymerke gåva)
kontonr. 3546.29.05805



Framsdebilete:

Frå konfirmasjonsgudsteneste søndag 12.05.

Foto: Torbjørn Hovland



Ekte fridom

Fridom er å gjera det eg sjølv vil. Fridom er å følgja draumane. Fridom er å gjera det eg har lyst til. Ikkje bry meg om kva andre måtte meina om livet mitt. Fridom er å realisera meg sjølv, ja, bli den beste utgåva av den eg er.

Roald Drønen



Dette trur eg er vanlege tankar for mange. Sånne tankar verkar heilt naturlege og rette. Det passar så godt at eg sjølv bestemmer over mitt eige liv. Kven andre veit betre enn eg sjølv kva som gagnar meg?

Me lever i ei tid då autoritetar har mindre makt enn før. Individualismen pregar oss meir enn den gjorde våre foreldre og besteforeldre. Før var det viktigare kva andre meinte, trur eg. Lettare å vera einige om kva som var rett, kva normer som galdt. Mangfaldet er større no. Me har eit samfunn med fleire kulturar, livssyn og levesett.

Då Jesus kjempa i bøn til Far sin kvelden før han døydde, sa han desse orda: *«Ikkje som eg vil, berre som du vil!»* (Mark. 14,36)

Med desse orda høyrst det ut som han gav på båten all respekt for seg sjølv og sin eigen vilje. Sanninga er den motsette. Då vann han den ytste fridom; ved å følgja Guds vilje.

Mange av oss har kanskje vakse opp med førestillinga at Guds vilje sannsynlegvis inneber noko anna enn det eg sjølv vil, ja, noko eg verkeleg er redd for. «Tenk om Gud vil at eg skal bli misjonær i Afrika?» Så vart Guds vilje på ein måte sabotasje av eigne draumar. Mistanken var sterk om at det Gud ville, var noko anna enn det eg sjølv ynskte. Å vera kristen er vel eigentleg å forsaka, å forneakta seg sjølv?

Sanninga er at Guds vilje leier oss nærmare vårt sanne eg, ikkje bort frå oss sjølv. Den kan kjennast på det som i djupet gjev fridom, ekthet og større glede over livet.

Han tek ikkje glansen av livet, den Frelsar som kallar på deg. Fyrst då kan for alvor du leva når han får det fylgja på veg.
(T. Bjerkrheim)

God sommar og lev livet saman med Gud, din Skapar!



Velkommen til nytt konfirmantår

Me har hatt informasjon og innskriving i kyrkja. Ein fin gjeng med flotte ungdommar var samla i kyrkja ein ettermiddag. Alle som skal byrje i 9. trinn er hjarteleg velkomne. Det er ikkje for seint å melde seg på. Om du er i tvil om dette er noko for deg, er du og velkommen til å være med. Ta kontakt med Randi Lønning Matre om det er noko du lurar på. Konfirmanttida byrjar i september og søndag 15. september, er det presentasjon av konfirmantane i Fitjar kyrkje.



"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 30. august til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 11. september. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Mange av oss kan nok peika på viktige årsaker til det yrkesvalet me ein gong gjorde, men få av oss har truleg hatt eit like sterkt og tydeleg kall som Marit Isaksen Espedal har hatt. Heilt frå ho var lita jente visste ho at det var prest ho ville bli, og den grunnleggande vissa om at Gud har kalla ho til teneste har følgt henne sidan då. Så langt skulle alt vera greitt. Men så var det dette med kjønn, då.

Benedicte S. Meyer

Roald Drønen hadde med seg eit levande og spennande intervjuobjekt til temakvelden 25.4. Marit Isaksen Espedal har vore sokneprest i Tysnes i snart 25 år, og før det var ho kapellan i Trøndelag. Ho er oppvaksen i eit lite øysamfunn utanfor Haugesund med ca. 50 fastbuande, dei fleste fiskarar og sjøfolk, og yrkesvalet hennar låg ikkje «midt i løypa». Men ho var viss på at det var det rette, og med ein stol og eit saueskinn i bagasjen flytta ho til Oslo for å studera ved Menighetsfakultetet, som ei av 7 jenter mot ca. 70 gutar.

Me fekk ei fortald ei historie som me kan henda har visst noko om, men som ofte vert presentert som ein vond og vanskeleg kamp i kyrkja. Denne gongen fekk me ei personleg forteljing om utfordringar Marit har møtt som kvinneleg prest, men like mykje om kor godt ho har vorte motteken, og kva for løysingar ho saman med medarbeidarane og kyrkjelyden har funne fram

til dei gongane det var konflikt. Ho presiserte fleire gonger at ho ville ha gjort det same yrkesvalet igjen om ho var ung i dag, og at ho aldri har ønskt seg ut av prestegjeringa. På den andre sida la ho og vekt på kor viktig det er at me kjenner til denne delen av kyrkja si historie. Veggen fram til dit me er i dag, har kosta. Det er mykje i historia me ikkje kan vera stolte av. Slik er det og i Kyrkja si historie. Utan at Marit på noko vis framsto som «sutrepave», fortalde ho både muntert og alvorleg om nokre av dei episodane ho har opplevd som vanskelege og sårande fordi ho har «feil kjønn».

Framleis er ho kontroversiell i nokre miljø, men om stikkorda «respekt» og «møte kvarandre» vert styrande, meiner ho at det er fullt mogleg å leva med usemja. Ho vedgår å ha svelgt ein del kamelar, men som ho audmjukt påpeika: «Det har nok dei på andre sida og gjort.»

Dei teologiske spørsmåla omkring kvinnelege prestar var ikkje tema denne gongen, noko som gjorde at me vart tvinga til å tenka gjennom korleis me møter kvarandre når me er usamde. For min del møtte eg ein prest, eit menneske, som framheva respekt som ei kristen plikt, og som er oppteken av å finna rause og kloke løysingar i samarbeid med andre.

Tusen takk til Roald som henta denne flotte dama frå Tysnes, tusen takk til Marit Isaksen Espedal for å gi av seg sjølv, og tusen takk til Karine Lillenes og Bent Jarle Brenne som bidro med musikkinnslag!



Under open himmel ved Dåfjorden Slipp



2. påskedag var me samla til utegudsteneste i praktfullt vær ved Dåfjorden Slipp. Vertskapet Steinar Andersen og Arnhild Sørestrand hadde klargjort og flaggpynta området utanfor verkstadhallen, og bygdefolket hadde bore stolar frå bedehuset.

Torbjørn Hovland

Denne etterkvart tradisjonsrike gudstenesta er temmeleg vanedannande, og det kjem tilreisande gjester frå nabokommunane for å ta del i denne unike kombinasjonen av levande kristenliv og tradisjonsrik maritim verksemd.

Mellom veteranbåtane på sjø og land (og den oppsiktsvekkjande nybygde slepebåten) yrte det av folk. Stolradene vart snart fulle, så det sat folk på paller, kassar og platestablar. Og det var tydeleg at sokneprest Roald Drønen med bakgrunn som austevolling, fiskar og sjømannsprest treivst godt i slike omgjevnader.

Det er alltid kjekt med eit godt orkester, og me hadde gleda av å høyre Silje Rydland som solist og forsongar med Sverre Fangel Brekke på slagverk, Heine Bernt Helland på gitar, Hans Kobberstad på fiolin og Harald Rydland på elektriske tangentar. Som tidlegare år vart kollekten til Dåfjord bedehus samla inn i velbrukte arbeidshjelm, og like tradisjonelt og populært venta eit imponerende kakebord etterpå. Ein stor takk til Dåfjorden Slipp og alle som gjorde ein stor innsats for å arrangera ei slik triveleg og mangfaldig gudsteneste.



Korperler av Grex Vocalis



Korperler frå fleire århundre var tittelen på konserten 31.5 med Grex Vocalis, eller «Den syngjande hjord».

T: Benedicte S. Meyer - F: Torbjørn Hovland

Grex vert rekna som eitt av dei beste kora i Noreg, og det seier ikkje lite i eit land med lange og solide kortradisjonar. Dirigenten, Carl Høgset, starta sjølv koret for 48 år sidan, som ei vidareføring av ei gruppe songarar som til då hadde konsentrert seg om fransk renessansemusikk. Sidan den gong har koret vore med og prega norsk musikkliv i mange kanalar, og dei har utallige turnéar, konsertar og plateinnspelningar bak seg. Repertoaret har etter kvart femna ganske mykje vidare enn fransk renessansemusikk, og fleire komponistar har skrive musikk særskilt for dette koret. Mellom anna har dei hatt eit nært samarbeid med Arne Nordheim, og eit døme på dette fekk me i verket *Converte nos*. For dei fleste av oss var denne konserten siste høve til å høyra dette koret på scenen, for i september held dei sin avskjedskonsert. Carl Høgset og Grex Vocalis er som ein symbiose å rekna, og når han gir seg, vert og kapitlet om koret lukka.

Andre har alt skrive om konserten i Fitjar kyrkje, og som inhabil medarrangør skal eg ikkje bruka spalteplassen her på endå fleire av dei orda som likevel dårleg greier å skildra den opplevinga me hadde. Eg trur eg har alle med meg når eg seier at det var ein stor konsert! Men eg har lyst til å seia nokre få ord om det programmet dei presenterte for oss. Ofte fortel overskrifter som «Perler frå....» eller «Høgdepunkt frå....» om konsertar utan tydeleg samanheng eller raud tråd. Slik var det ikkje denne gongen. Eg opplevde ein kveld med retning og substans, og programmet fortalde om fleire hundre års kyrkje- og kulturhistorie, der lovprising og jubel ramma inn meditasjon og bøn. Frå Orlando di Lasso sitt *Jubilate Deo* frå 1500-talet til Griegs jubelversjon av folketonen *Guds Søn* har gjort mig fri (1906), og frå Kong Davids sorg over sonen Absalom av Thomas Weelkes til Francis Poulenc's *Salve Regina*. For meg vart det 100 % balanse og samanheng trass i kontrastar i tid og uttrykk.

Damekoret Corona (dirigent Irene Simonsen) si avdeling midt i programmet innebar jo eit brot i denne

raude tråden, men det fungerte flott likevel, kanskje nettopp fordi dei gjorde noko heilt anna. Dermed vart det ikkje to kor som skulle samanliknast, men to kor med ulike uttrykk. Den klåre og litt spinkle klangen til Corona fungerte svært godt i den vare Issoleia av Odd Overøye med tekst av Olav H. Hauge, og altane fekk tekst og melodi nydeleg fram i Irving Berlin sin «What will I do».

Jo fleire månader ei planlegging strekker seg over, jo høgare vert og forventningane til det som skal skje. Då temakveldgruppa første gong snakka om å arrangera konsert med Grex Vocalis, visste me at det ville krevja mykje planlegging, men me visste og at det ville bli ei stor oppleving. Dei som har følgt med på sosiale medium, veit at forventningane har vore høge, og at det har vore viktig for både kor og arrangørar at så mange som mogleg skulle få høve til å ta del i denne hendinga. Derfor var gleda stor over at så mange kom! På vegner av temakveldgruppa vil eg gje uttrykk for ein inderleg og varm takk til alle dei som var med og

gjorde dette arrangementet mogleg. 4 damer over sin første ungdom maktar ikkje slikt utan hjelp, og makan til velvilje hos fitjarbuen! Folk har vore sjåførar seint og tidleg, dei har reidd opp senger og servert frukost, over 40 koristar har overnatta i private heimar, kaffekanner er fylt (og tømt!) og lånt ut, båteigarar frakta songarar på holmetur, passasjerane fekk låna både ullundertøy og redningsvester, Peraløo var dekkja til fest, på bedehuset fekk 60 personar suppe, og slik kunne me halda fram. Det er fantastisk å ha dykk i ryggen, for skal me våga oss på større arrangement igjen, er me avhengige av gode hjelparar. Tusen takk, alle saman!

Samstundes vil me i temagruppa takka eit trufast publikum for denne sesongen. Kvar og ein av dykk er viktige medspelarar som ved å møta opp på temakveldane gjer arbeidet vårt utruleg kjekt og meningsfullt.



Damekoret Corona



Foran: Roald Drønen, Randi Lønning Matre

1.r.f. venstre: Jonas Helland Fotland, Henrik Træet, Katarina Bergesen Maraas, Anna Havn Nesbø, Jennifer Helland, Ida Marie Sandvik, Emma Baardsen Jørgensen, Angelica Tufteland Lundal, Tuva Nysæther, Anna Sandvik Bø.

2.r.f. venstre; Joakim Vesterheim Stadheim, Katharina Skumsnes, Tori Vestbøstad, Mia Volden, Maria Svåsand Korsvik, Malene Ahrens Halleråker, Izak Håkonsen Michelsen, Lars Rydland Sæbø, Vilde Heggøy, Isabell Fluge Rydland, Jakob Myhre, Brian Kvia Midttun, Joakim Malkenes Fitjar, Lorentze Waage



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

Du er med på å bestemme kven som skal sitje i Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «storting» i perioden 2019 – 2023.



På dei neste sidene vil du få ein kort presentasjon av alle kandidatane som stiller til val. Meir utdjupande informasjon finn du på kyrkja.no/bjorgvin eller kyrkjevalet.no. Informasjon om kva kandidatane og listene står for og meiner om ulike saker, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019

I Bjørgvin bispedøme er det tre lister ved bispedømerådvalet: Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open Folkekyrkje. Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge.

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare dei bibelske verdiane som Den norske kyrkja vart tufta på som følgje av den Lutherske reformasjonen.

Kyrkja må leiast av Guds Ord og Ande, og alle vedtak samsvare med Bibelen. Vi ønskjer optimalt sjølvstyre lokalt, der råd og medlemmer får bibelforankra trusopplæring og kurs i kyrkjelydsutvikling, i å leve som Jesu etterfølgjarar og spreie evangeliet.

Kyrkja skal oppmuntre alle i kyrkje-lyden til å tene Herren etter den enskilde sine gåver og føresetnader. Vi ønskjer ei fornya kyrkje av lemer som har Jesus som Herre, og som søker Gud og Hans vilje gjennom bøn og tilbeding.

Sjå kandidatane på www.bonnelista.no



Stein Oltedal
f. 1952, pensjonert prest, Naustdal.



Solaug Anita Apelthun Sæle
f. 1951, økonomisjef, Fjell.



John Eivind Warvik
f. 1994, pioner/tømrar, Ortnevik.



Anne Kristine Torvik Christiansen
f. 1954, vernepleiar, Fjell.



Øyvind Skartveit
f. 1992, student, Tysnes.



Magdalena Steinhovden
f. 1947, pensjonert sjukepleiar, Naustdal.



Stig Bruun
f. 1968, økonom, Rådal.



Jan Frank Leirkar Christiansen
f. 1952, pensjonert vernepleiar, Fjell.



Anna Helena Bruun
f. 1974, rekneskapsfører, Rådal.



Andreas Skjelde
f. 1993, student, Slettebakken.

Nominasjonskomiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå kvart prosti.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemene i nominasjonskomiteen. Det er vidare lagt vekt på at ein skal representere ei breidde i kva kandidatane meiner i aktuelle kyrkjelege spørsmål.

Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil vi arbeide til det beste for den lokale kyrkja.

Den enkelte kandidat presenterer seg sjølv på nominasjonslisten.no



Vermund Atle Øiestad
f. 1948, pensjonist, Nordsida, Nordfjord.



Turid Fjose
f. 1969, overlege, Voss.



Per Hilleren
f. 1959, bonde, Stedje.



Mali Smemo Hjemdal
f. 1973, rådgjevar, Etne.



Gerhard August Hansen
f. 1951, pensjonist, Os.



Daniel Kydland
f. 1997, student, Knarvik.



Madli Kvamme Hannisdal
f. 1950, pensjonist, Osterøy.



Leif Steinar Alfsvåg
f. 1959, fagseksjonsleiar, Stord.



Harald Berge Breistein
f. 1956, dagleg leiar, Åsane.



Arve Kjell Uthaug
f. 1967, administrasjonssjef, Frekhaug.



Kristian Slettebø
f. 1989, revisor, Bergen.



Liv Oddlaug Skaaheim
f. 1948, pensjonist, Førde.



Ingrid Grimstad
f. 2000, student, Stord.

Open folkekyrkje

Vi som står på lista til Open folkekyrkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk kyrkje som frimodig forkynner det glade evangeliet om Jesus.

Vidare vil vi arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som motarbeider diskriminering.

Sjå elles www.apenfolkekirke.org for fullstendig valgprogram.



Karl Johan Kirkebø
f. 1950, pensjonist, Bergen.



Nora Sætre Baartvedt
f. 1994, teologi-student, Voss.



Runar Larsen
f. 1997, student, Sveio.



Line Berggreen Jacobsen
f. 1986, rådgjevar, Bergen.



Oddny Irene Miljeteig
f. 1954, komitéleiar, Bergen.



Eiel Holten
f. 1968, seniorrådgjevar, Bergen.



Åse Kongsvik
f. 1962, rettleiar, Leikanger.



Erik Torp Nilssen
f. 1947, pensjonist, Førde.



Torill Jørgensen Frøise
f. 1972, gruppe-sekretær, Askøy.



Håkon Glatved-Prahl
f. 1956, journalist, Alversund.



Marit Melvær Berge
f. 1952, pensjonist, Florø.



Christian Emil Haugen
f. 1990, student, Bergen.



Therese Nesse Mokkelbost
f. 1973, administrasjons-konsulent, Bergen.



Ann Elisabeth Tveit
f. 1972, lærar, Bergen.

Godt å vite om valet

Kven kan stemme?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømeråd er det i Bjørgvin bispedøme tre lister å velje mellom.

Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømmet. Medlemene i bispedømeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørgje for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømmet på www.kyrkjevalet.no

Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einerom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

I avlukket

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

Hos valfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.



3. r.f.venstre: Julie Torvund Midtsæter, Lars Isdal Føyen, Torbjørn Eiken, Jone Tufteland Nesbø, Stian Larsen, Sander André Aarskog, Stig André Maraas, Sondre Fitjar, Linnea Vestbøstad, Markus André Maraas Jakobsen, Eirik Træet, Simon Hatlevik, Andreas Vestbøstad, Andreas Ytrearne Helland, Ståle Gjøen Vestbøstad, Emil Henriksen Sørfonn, Even Torvund






Finn 8 ulikheiter

Denne bibelforteljinga i 1.Mosebok 11,1 handlar om menneske som ville bygge ein bygning som gjekk heilt til himmelen. Kva trur du bygningen heiter?
Sjå på dei to bilete og sjå om du kan finne 8 ulikheiter.

Anstrengende arbeid

Det var mange som arbeidet hardt for å bygge tårnet. De måtte lage mursteinene selv også den gangen. Se om du kan finne åtte ulikheter mellom de to bildene!





Så langt i år har Fitjar kyrkjelyd samla inn kr 24.898,- til misjonsprosjektet i Mali. Neste gong det vert kollekt til prosjektet er under gudstenestene i kyrkja 1. pinsedag.

Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali ut over dette kan du gje ei gåve til kontonummer 8222 02 85057 og merka betalinga med Mali.

Ynskjer du eit gratisabonnement på NMS sitt misjonsblad Misjonstidende, som finnes både i papirutgåve og lydutgåve, kan du ta kontakt med NMS på telefon 51 51 61 00.

*Foto: NMS.
Misjonær Frode Brügge Sætre underviser fulaniera i Mali*

I Misjonstidende datert mai 2019 kan me lesa at det er tøffe forhold i Mali for tida, og NMS-misjonær i Mali Frode Brügge Sætre er alvorleg bekymra for det hatet som vert skapt mellom einskilde folkegrupper.

*Stina Margrete Andreaa Neergård/
Frode Brügge Sætre/Helga Rimmereid*

Etniske konflikter eskalerer og Mali har kome inn i ein vond spiral av vald og urett. Tusenvis av fulanierar er drivne på flukt frå landsbyane sine. Både terroristar, bandittar og militsar herjar. Store mengder våpen er i omløp, og styresmaktene godtek at ulike grupperingar væpner seg for å beskytta seg mot terroristane. Men meir våpen fører til meir vald. Våpena vert ikkje berre brukt i sjølvforsvar, men og når det oppstår usemje og interessekonflikter med andre folkegruppe. Spesielt fulanifolket oppleve angrep frå etnisk baserte militsar. Dei fortel om landsbyar som vert jamna med jorda, tusenvis av kyr som vert stolne, mange som vert drepne, og at ingen blir stilt til ansvar. Dette gjer at mange fulanierar er på flukt. NMS jobbar difor med

fleire hjelpetiltak retta mot flyktingar, og ein av dei diakonale -leiarar seier at «det å hjelpe fulanierar på flukt er ein måte å visa dei Guds kjærleik på».

Men midt opp i alt det triste og vonde, finnes det og lyspunkt. Frode B. Sætre fortel at i påska i år opplevde dei ei stor glede. Kona til bibelomsetjar Moussa, som det stod om i førre kyrkjelydsblad og som det vart fortalt om under gudstenesta i kyrkja 1. påskedag, vart døypt i påska i år. Ho har fått undervising i kristen tru sidan ho vart gift med Moussa, og ho ønskte no å døypa seg. Det var ei stor glede både for ho, mannen og misjonsfolket. I pinsa kan det hende dotter deira og skal døypa seg. Misjonæren fortel at for dei som står i arbeidet med å spreia evangeliet til fulanifolket i Mali er kvar person som vil verta kristen ei stor glede, og eit stort mirakel. Frode ynskjer at me alle er med og takkar for trua og dåpen til kona til Moussa, og at me fortset å be for bibelomsetjaren og familien hans.

Diakonituren gjekk til Fusa



Måndag 29. april var datoen for vårturen til Fitjar sokneråd si diakoninemnd. 39 personar tok ferja frå Sandvikvåg, og steig på den innleigde bussen på Halhjem. Målet var Tønnegarden på Holmefjord i Fusa. Då bussjåføren, Lillian Berge, presenterte seg, kunne ho fortelja at mor hennar var frå Osterneset: Kirsten, eldste dotter til Kitty og Stein Gloppen! Det var ekstra kjekt!

Harald Johan Sandvik

Fusa ligg ikkje midt i vegen for oss frå Fitjar, og ikkje alle turdeltakarane hadde vore der i det heile. Hallvard Wiik var reiseleiar, og fortalde medan me køyrde forbi Framo Fusa AS på Venjanaset, Øpstad med den gamle postvegen mellom Bergen og Stavanger, Fusa sentrum, Bergegrend og Eikelandssosen. Han hadde også fora seg godt opp med gode historiar som han delte villig med oss.

Snart var me på Tønnegarden, der me vart godt mottekne av vertskapet, Kari og Jostein Gangstø. Dei fortalde om drifta si. Jostein er fjerde generasjon bøkker, det er yrkestittelen til ein som lagar tretønner. Tidlegare laga dei tønner i nesten alle sjøhus her på Bogøy-halvøya, men no er det berre tre igjen i heile Fusa. Dei hadde bygt nytt i 2012, kombinert tønnefabrikk og selskapslokale med godt kjøken. Catering var også ein viktig del av den totale pakken,

saman med gardsdrift med mjølk- og kjøttproduksjon. Dei hadde med seg ei dotter på heiltid og ein son på deltid.

No fekk me servert middag: Heimelaga kjøttkaker av vestlandsk fjordfe og hjort. Det var svært velsmakande! Så fekk me omvising i fotoutstillinga som synte historia til garden, og i tønnefabrikken fekk me følgja heile produksjonen. Det starta med pussing av stav, oppsetjing av stav i ein spesiell ring, varming av heile tønna, fresing av spor til lok og botn før han slo desse på plass. Så monterte han dei fire tønnebanda før heile tønna vart sett i ein pussemaskin for å

få ei jamn og flott utside. No gjekk alt med effektive maskinar, men han synte oss også dei gamle, manuelle arbeidsoperasjonane, mellom anna det å laga tønneband av hassel, hatleband. Det var det dei brukte i gamle dagar. Då programmet «Anno» gjekk på TV, var Jostein oldermann for bøkkerfaget.

Me fekk kaffi og kaker medan Roald Drønen heldt andakt. Han hadde vore ute på bakken og henta markblomar, og minna oss om Jesu ord i Bergpreika, Matt. 6, 28-29: «Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei arbeider ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei!» Skaparverket fornyar seg i rett tid! Sjå på fargane og alt det vakre! Dette er til trøyst for oss, som gjerne tar suter på forskot! Medan Roald tala, sat me og såg ut på den frodige naturen og opplevde at slik er Bibelen sine ord like aktuelle for oss no i 2019!

Så gjekk me i bussen igjen og køyrde rett til Halhjem via Tysse og Hegglandsdalen. Ferja kom straks, men det var ikkje berre å gå om bord. Fallemmen på ferja gjekk ikkje ned, og det var hektisk aktivitet om bord. Dei plukka deler frå den andre enden av ferja og fekk det til.

På turen over fjorden stilte komiteen opp med frukt og resten av kakene. Det vart ein festleg avslutning på ein vellukka dag. Hjarteleg takk til diakoninemnda for eit flott arrangement!

Sommarvikar for soknepresten

I sommerferien til sokneprest Drønen vil Åse Selsvold (46 år) ha dei fleste gudstjenestene i Fitjar. Ho kjem frå Bremnes og har eitt år igjen av teologistudiet ved Norsk Lærarakademi (NLA) i Bergen. Til dagleg arbeider ho ved Stord kyrkjekontor.



Ho gler seg til å feira gudstenester saman med kyrkjelyden i Fitjar.

Ta vel i mot henne!

I tillegg vil sokneprest Oma og prost Theodorsen leia ei gudsteneste kvar.



Jostein Gangstø viser produksjon av tønner på Tønnegarden i Fusa.

BABYSONGKURS

På Fitjar bedehus tysdagar kl. 10.30 - 12.00

For babyar mellom 0 og 12 månader saman med ein vaksen

* songstund * nistemåttid * leik og drøps

Datoar hausten 2019:

3/9, 17/9, 1/10, 15/10, 29/10, 12/11, 26/11, 10/12

Etter songstunda vert det felles nistemåttid. Me serverer kaffi, te og saft. Ta med niste, kopp, gulpeklut og tøflar.

Pris kr. 150,- Påmelding innan torsdag 29. august!

Påmelding og evt. spørsmål kan rettast til Helga Rimmereid tlf. 975 28 001 eller Astrid K. Prestbø 976 25 833. Påmelding må innehalda namn og alder på barnet og namn på den vaksne.

Følg oss gjerne på facebook: Fitjar babysong og småbarnstreff

VELKOMEN !!

«En kosetund med gode, gamle sanger setter varige og verdifulle spor hos små og store»
Mari Maurstad

Arr. Fitjar sokneråd

SMÅBARNSTREFF

For ungar mellom 0 og 6 år saman med ein vaksen

På Fitjar bedehus tysdagar kl. 10.30 - 12.00

* songstund * nistemåttid * leik og drøps

Datoar hausten 2019:

3/9, 17/9,
1/10, 15/10, 29/10,
12/11, 26/11,
10/12

Ta med niste, kopp og tøflar. Me serverer kaffi, te og saft.

Inga betaling eller påmelding!

VELKOMEN !

Følg oss gjerne på facebook: Fitjar babysong og småbarnstreff

«Song er like viktig for helsa som kosthald og trening.»
Lege og musikar Audun Myskja

Arr: Fitjar sokneråd

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20



Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)

E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

**FITJAR
SJO OG CAMPING**



Vilkommen til ein trivselig handel på Fitjar



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07
53 49 73 09

www.rydland.as

post@rydland.as

Hår loftet

OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre..... 9-16
Ons, tors..... 9-18
Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks frisyren hos oss!

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:
53 49 78 90



OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no



GRONAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

**AARBØ & KORSVIK
FORSKALING**

TLF:
916 46 123



Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55

5419 Fitjar

www.leroyseafood.com



Mobilnr: 951 89950



Mobilnr:
975 02381

Fitjar-Posten

E-POST: post@fitjarposten.no - MOB: 476 52 527

www.fitjarposten.no

**PORT
STEINGARD**

Port Steingard AS
v/Johs Sandvik
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60



Fitjar
Bygdekvinne lag



Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner



www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no

Ledig annonseplass



53 45 72 00

53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbest.no/>

SPAR



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kvernenes Båtbyggeri AS, Kalvøi 27, 5410 Fitjar
Telefon: 51 49 90 90, baatbyggeri@kvernenesbaat.no

VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiker

**Kom: Norsk Tipping
Rikstoto**

Tlf. 53 49 71 61



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Videoen
Kiosk**



**Engevik &
Tislevoll a.s**
Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

**Vågen's kro
og catering**

48 04 19 09



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

HEIMLI
SHIP DESIGN

Fitjarveien 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70
E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlishipdesign.com

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Syng med oss !

OSTERNES MANNSKOR



Kontaktinfo:

Torunn K. Aarskog

404 04 146

Ledig annonseplass

Slekters gang

Døyppte:

07.04:

Edvald Hovstad Viken

14.04:

Kamille Vågen Opheim

19.05:

Thea Malkenes

02.06:

Felix Nesbjørg Askeland

Jordfeste:

Gunvald Skålevik

f: 02.12.1925 d: 31.05.2019



Gudstenesteliste

Dato	Klokkeslett	Merknad	Prest	Kantor	Takkoffer formål
16.06.	11.00		Roald Drønen	Jan Overweg	Tro og Medier
23.06.	11.00	Dåp, nattverd	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
30.06.	11.00	Dåp	Åse Selsvold	Vikar	Kirkens SOS
07.07.	11.00	Nattverd	Åse Selsvold	Vikar	Brandøy
14.07.	11.00	Friluftsgudst. i Kråko	Olav J. Oma	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
21.07.	11.00		Åse Selsvold	Jan Overweg	Kirkens Bymisjon Stord
28.07.	11.00		Åse Selsvold	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
04.08.	11.00		Svein Arne Theodorsen	Vikar	Gideon
11.08.	11.00	Festivalgudsteneste	Roald Drønen	Jan Overweg	Sjømannskirken/ Norsk kirke i utlandet
18.08.	11.00		Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
25.08.	11.00		Vikar	Jan Overweg	Misjonsalliansen
01.09.	11.00	Friluftsgudst. Årskog	Roald Drønen		Søndagskulen
08.09.	11.00	50-årskonfirmantar, Nattv.	Vikar	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
15.09.	11.00	Pres. av konfirmantar	Roald Drønen	Jan Overweg	Konfirmantarbeidet
22.09.	11.00			Jan Overweg	Norea Mediamisjon